



# SVEIO KOMMUNE

## RÅDMANNEN

### SØKNADSSKJEMA - AMBULERANDE SKJENKELØYVE

Ambulerande skjenkeløyve etter alkohollova § 4-5 kan berre nyttast i samband med slutta lag og for eit einskild høve. Mynde til å fatte vedtak er delegert til rådmannen. Ein må pårekna ei saksbehandlingstid på 1 veke. Gebyr til kommunen jf. alkoholforskrifta § 6-2. For meir informasjon sjå baksida.

**Søknad med evt. vedlegg skal sendast Sveio kommune v/ rådmannen, Postboks 40, 5559 Sveio eller postmottak@sveio.kommune.no**

<b>SØKJAR:</b>	Namn: _____ Personnr: _____ E-post: _____
<b>ADRESSE:</b>	Postadr: _____ Stad: _____
<b>ARRANGEMENT:</b> Gjer greie for kva type arrangement det gjeld. Før opp gjesteliste.	(For meir plass, bruk eige ark) _____ _____ _____ _____ _____ Er deltakarane personleg inviterte? _____
<b>SKJENKESTAD:</b> Legg ved skisse over lokale. Evt. kart om det gjeld uteområde.	Namn på skjenkestaden: _____ Adr. _____
<b>DATO:</b>	Arrangementdato: _____
<b>SKJENKETID:</b>	Start: _____ Slutt: _____
<b>TYPE ALKOHOL DRIKK:</b>	Øl: ____ Vin: ____ Brennevin: ____
<b>ANSVARLEG FOR SKJENKINGA:</b> Den ansvarlege må vere fylt 20 år.	Namn: _____ Personnr: _____ E-post: _____ Adr. _____ Tlf. _____

Søkjar si underskrift: Dato: \_\_\_\_\_

Signatur: \_\_\_\_\_

## Informasjon om ambulerande skjenkeløyve:

Sal og skjenking av alkoholhaldig drikk kan berre skje på grunnlag av løyve etter alkohollova, jf. § 1-4 a. Kommunen kan i medhald av § 1-6 gje skjenkeløyve for ein periode på inntil 4 år, evt for "en bestemt del av året", såkalla alminneleg skjenkeløyve. Dessutan kan kommunen gje løyve for "en enkelt bestemt anledning" (*skjenkeløyve ved einskildhøve*).

I tillegg har kommunen vedteke å oppretta **3 ambulerande løyve** for skjenking av alkoholhaldig drikk, jf. alkohollova § 4-5. Slikt løyve kan berre nyttast i samband med eit bestemt høve og til **slutta lag**.

Rundskriv I-6/98 gjer greie for kva som kan reknast som slutta lag. Dei eksempel som er nemnde er bryllaup, jubileum, konfirmasjon, firmafest, vennelag osv. I rundskrivet heiter det m.a.: *"Medlemmene i selskapet må danne en sluttet krets av personer der utenforstående ikke kan komme inn uten at visse former følges. Deltakerne må ha en eller annen tilknytning til den eller dem som inviterer til selskapet og til hverandre. Det er ikke tilstrekkelig at man før skjenkingen begynner skriver seg på en liste eller kjøper billetter. Vanligvis må initiativet komme utenfra, ikke fra skjenkestedet. Det hjelper ikke at antallet gjester er begrenset, eller at arrangementet i innbydelsen eller i avertissementet er betegnet som "sluttet selskap". Klubber o.l. med begrenset medlemskap, regnes ikke i seg selv som sluttet selskap"*.

Meininga med ambulerande skjenkeløyve er å forenkla sakshandsaminga i saker der private eller mindre lag og organisasjonar har arrangement der det å drikke eller skjenke alkoholhaldig drikk er forbode utan løyve enten fordi det skjer mot vederlag, eller i enkelte typar lokaler, stader eller samanhangar.

I tvilstilfelle må kommunen etter eit konkret skjønn, avgjera om eit selskap kan reknast som slutta lag i alkohollova si mening.

**For meir informasjon kan ein kontakta Sveio kommune, tlf. 53 74 80 00.**